

F3: Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar

Framleggstillarar: Alexander Papas, Hege Lothe, Kjartan Haugsnes og Marianne Sæhle

For eitt år sidan endra lobbyselskapet Hordfast AS namn til Stavanger2Bergen AS. Føremålet med selskapet er å arbeida for å realisera ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen. I juni 2025 vedtok fylkestinget, mot SV sine røyster, at Vestland fylkeskommune skulle bli medeigar i dette lobbyselskapet.

Hordfast er eit svært omstridd vegprosjekt og er ute av Nasjonal transportplan. Prosjektet vil føra til dei største naturinngrepa i Hordaland i moderne tid og er rekna å kosta over 50 milliardar kroner. Samstundes er det i direkte strid med klima- og naturmåla, og vil bidra til auka biltrafikken inn mot Bergen.

Derfor er det gledeleg at Naturvernforbundet Hordaland, Norges Miljøvernforbund, Lastebileierforbundet avdeling 5 og Fellesforbundet avdeling 11 Vestnorsk Transportarbeiderforening har danna nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar*. Nettverket jobbar for betre framkome mellom fjordane på E39, meir midlar til rassikring og gul midtstripe på fylkesvegnettet, og for å sikra at trafikksystemet rundt Bergen ikkje bryt saman.

På E39 er det framleis 6–7 strekningar utan gul stripe og akseptabel standard, og etterslepet på fylkesvegnettet i Vestland er enormt. Skal me nå klima- og naturmåla og samstundes sikra eit berekraftig trafikksystem rundt fylkeshovudstaden, må samferdslemidlane prioriterast til trygge og gode vegar med gul midtstripe og betre kollektivtilbod, ikkje til spinndyre motorvegprosjekt og fjordkryssingar.

Vestland SV støttar derfor nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul midtstripe med farbare fylkesvegar*.

SV vil:

- prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe i heile fylket.
- rusta opp E39 mellom fjordane framfor dyre fjordkryssingsprosjekt og naturøydeleggjande motorvegar.
- stansa alle planlagde motorvegprosjekt i Vestland
- ha kollektivfelt på alle firefeltsvegar i Vestland.
- ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane.